



Utval: Formannskap
Møtestad: Kommunestyresalen, Kommunehuset
Dato: 07.09.2016
Tid: 08:30 - 11:45

Fylgjande medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Erik Skjervagen	Ordførar	AP
Olav Gisle Noraberg	Varaordførar	AP
Tone Irgens Veum	Medlem	SP
Anne Serine Nærum	Medlem	AP

Fylgjande medlemmer møte ikkje:

Namn	Funksjon	Representerer
Kjell Sverre Thoresen	Medlem	SP

Fylgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Ellen Elisabeth Gasman	Kjell Sverre Thoresen	SP

Fylgjande frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Ketil O. Kiland	rådmann
Kjersti Bergland	utvalssekretær

Saker til handsaming: (sak nr./år, f.o.m. – t.o.m.)
33/16 – 34/16

Merknader til møteboka:

Godkjenning av protokoll:

Erik Skjervagen
ordførar

Fellestenesta
utvalssekretær

Rådmannen si godkjenning, jfr. sakshandsamingsrutiner pkt. 12.0:

Ketil O. Kiland
rådmann

PS 33/16 Referatsaker

RS 19/16 Orientering frå administrasjonen

RS 20/16 Økonomigjennomgang

RS 21/16 Budsjettdrøftingar

RS 22/16 Endringar i vallova - brev til kommunar og fylkeskommunar om ikrafttredelse av vedtak

RS 23/16 Endringar i inndelingslova og kommunelova

I møtet:

- Orientering om stoda rundt legesituasjonen. Om ein må ut på ny runde med utlysing ynskjer formannskapet å kome med sine føringar i forkant av utlysing.
- Hurtigladestasjon for el-bil – formannskapet ynskjer at ein brukar litt tid på dette arbeidet.
- Ein flyktningfamilie ynskjer å flytte til Tokke og Tokke ynskjer å ta dei imot. Fyresdal har fått tildela to nye familiar som vil kome i løpet av hausten. Dersom skule og barnehage er positive til å ta imot ein ny familie som erstatning for dei som flytter ynskjer formannskapet også dette.
- Fornyng av avtale med Telemark Fylkeskommune kjem som sak til kommunestyre i neste møte.
- Søknad om støtte til foranalyseprosjekt for omstillingskommune er godkjent. Foranalyseprosjekt er nå ute på anbud og leverandør vil bli valt når fristen for anbud er ute.
- Ny avtale om innkjøp av kolonialvarer – det vil bli eit møte med aktuelle forretningar i Fyresdal i morgon for å finne ut kva dette medfører.
- Orientering om møte med Fyresdal kurs og leirstad. Dei ynskjer å bygge ein 720kvm stor hall for møtevirksomhet. Formannskapet ynskjer å sjå på moglegheiten for eit samarbeid om ein eventuell idrettshall/fleirbrukshall. Ein må ta med brukargruppene for ein slik hall i det vidare arbeidet. Administrasjonen arbeider vidare med dette å inviterar til eit møte.
- Orientering om utviklinga i Telemarkrøye AS.
- Orientering om avtaler rundt flyplassområdet. Behovet for areal med dagens lengde på flyplassen er redusert og ein ynskjer difor ikkje å nytte seg av retten til å vidareføre avtaler om areal som ligg utanfor behovet.

PS 34/16 Interkommunalt samarbeid i Vest-Telemark - prosjekt

Fyresdal kommune deltek i prosjekt for å fremje det interkommunale samarbeidet i Vest-Telemark.

Innstilling frå rådmannen:

- Fyresdal kommune deltek i interkommunalt samarbeid i Vest-Telemark og legg prosjektspesifikasjonen datert 7. juni 2016 til grunn for arbeidet.

Handsaming i Arbeidsmiljøutvalet - 05.09.2016

Rådmannen orienterte om saka.

Samrøystes som innstilling.

Vedtak i Arbeidsmiljøutvalet - 05.09.2016

Fyresdal kommune deltek i interkommunalt samarbeid i Vest-Telemark og legg prosjektspesifikasjonen datert 7. juni 2016 til grunn for arbeidet.

Handsaming i Hovudutval for plan og miljø - 06.09.2016

Samrøystes i samsvar med innstilling frå rådmannen.

Vedtak i Hovudutval for plan og miljø - 06.09.2016

Fyresdal kommune deltek i interkommunalt samarbeid i Vest-Telemark og legg prosjektspesifikasjonen datert 7. juni 2016 til grunn for arbeidet.

Handsaming i Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg - 01.09.2016

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen

Vedtak i Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg - 01.09.2016

Fyresdal kommune deltek i interkommunalt samarbeid i Vest-Telemark og legg prosjektspesifikasjonen datert 7. juni 2016 til grunn for arbeidet.

Handsaming i Formannskap - 07.09.2016

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå rådmannen.

Vedtak i Formannskap - 07.09.2016

Fyresdal kommune deltek i interkommunalt samarbeid i Vest-Telemark og legg prosjektspesifikasjonen datert 7. juni 2016 til grunn for arbeidet.